



Meland kommune

MELDING OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID



Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 varslar vi om oppstart av detaljregulering for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune, med tilkomstveggar, gang-/sykkelvegar og tilkomstveg til ny snøggåtkai.
PlanID: 1256 2016 002.

Planområdet er vist med stipla linje på kartet, og arealet er 71 dekar. Planarbeidet vert utført av Sweco Norge AS på vegne av Statens vegvesen.

Området vil bli regulert til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur for eksisterande vegar og vegareal, i tillegg til eigedommen 1/2,5,7 sør for eksisterande parkeringsplass. Andre areal vil få same

formål som før, med mindre justeringar.

Dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart vil få dette. Eventuelle merknader eller opplysningar som bør leggjast til grunn for planlegginga skal sendast til:

Statens vegvesen v/Ståle Furnes, Nygårdsgaten 112, 5008 Bergen.

E-post: staale.furnes@vegvesen.no, **innan 23.05.2016**. Her vil ein kunne få nærare opplysningar om planarbeidet. Varsel om oppstart er tilgjengeleg på heimesida til Meland kommune, www.meland.kommune.no. Kopi av alle merknader m.m. skal i tillegg sendast til Meland kommune. Det vil bli invitert til samrådsmøte under planarbeidet. Planen medfører etter kommunen si førebelse vurdering ikkje krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan- og bygningslova.